

Saksprotokoll i fylkestinget - 11. og 12.12.2018

Til å skrive under møteboka saman med fylkesordføraren vart Mona Røssvik Strømme, H og Jon Askeland, Sp valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skrive under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Det var kunstnarleg innslag med elevkor frå Langhaugen videregående skole, og revyinnslag med elevar frå Amalie Skram videregående skole.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.
Fylkesrådmannen heldt sin tale.

ORDSKIFTET ETTER TALANE

Etter talane var det ordskifte. 14 representantar hadde ordet.

I samband med ordskiftet sette Aud Karin Oen (SV) fram forslag til fråsegn om «Ikkje legg ned Ulvsnesøy» til dei politiske partia på Stortinget, Justis- og beredskapsdepartementet og Hordalandsbenken.

UTDELING AV STIPEND OG PRISAR – 11. og 12.12.2018

Stipenda og prisane vart delt ut av fylkesordførar Anne Gine Hestetun og leiaren av utval for kultur, idrett og regional utvikling, Beate Husa.

Særlege idrettsprestasjoner

Hordaland fylkeskommune si utmerking for særlege idrettsprestasjoner 2017 vart tildelt:

Tommy Urhaug	Bordtennis para Bronse i VM i Slovenia
Anders Mol	Sandvolleyball Gull i Verdensserien i sandvolleyball
Håvard Lorentzen Skøyter	Gull sprint VM i Changchun i Kina Gull 500m i OL i Pyeongchang i Kina Sølv 1000m i OL Gull World Cup sammenlagt
Sverre Lunde Pedersen	Skøyter Gull lagtempo OL i Pyeongchang Bronse 5000 m OL Sølv VM skøyter allround i Amsterdam i Nederland
Sindre Henriksen	Skøyter Gull lagtempo i OL Pyeongchang
Stian Schetlein	Jetski Gull i VM i jetski slalom USA-Lake Havasu

Utviklingsstipend innan idrett.

Vetle Bergsvik Thorn, Triatlon Åsane Cycleklubb	Junior Europamester 2018 Nr 5 Junior-VM Nr 1 på Junior Europa-ranking
Gaute Kvåle, Langrenn Røldal IL	5.pl. U-23 VM 15km fristil 6.pl. -23 VM 30km skibytte 2 topp 15 plassar i NM 1 vedenscup start
Une Kvelvane, Skiskyting Voss Skiskytterlag	Sølv i stafett Junior-VM 12. plass Jaktstart Junior-VM Gull i sprint Junior-NM.
Martine Hjørnevik, Friidrett IL Norna-Salhus	U-18 Europameister på 100m hekk U-20 Norgesmeister 100m hekk Sølv i European Youth Olympic Festival Årsbeste i verda 60 m hekk innandørs (U-18)
Maria Brochmann, Fotball Arna Bjørnar	Arna-Bjørnar Toppscorar i A-B Utteken på A-landslaget

Utviklingsstipend innan gateaktivitet.

Hordaland fylkeskommune sitt utviklingsstipend innan gateaktivitet 2018 vart tildelt Alexander Andersen.

ORIENTERINGAR

Prosjektleiar Rune Haugsdal orienterte om Regionreforma.

Marius Aure, Deloitte presenterte rapporten " Selskapskontroll av Grieghallen IKS – Revisjonsrapport» (PS 107/18)

Line M Johansen, Deloitte presenterte rapporten "Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring – Revisjonsrapport.»(PS 108/18).